

Naustdal kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 04.12.2015

Møtetid:

Kl. 08:30 – 12:15

Møtestad: Naustdal kommunehus,
møterom nord

	Faste medleamar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Ole Erik Thingnes, leiar	X		
2	Johnny Gustavsen, nestleiar	X		
3	Jan Petter Sæbø	X		
4	Marit Friborg Myrene	X		Gjekk frå kl. 11:45 før sak 041/15
5	Ranveig Indrekvam	X		
	Varamedleamar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Elin Schei Stuhaug			
2	Ole Morten Aase Øvrebø			
3	Aud M. Støfring			
	Andre som møtte			
	SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim og Audhild Ragni Vie Alme			
	KRYSS Revisjon v/Terje Førde og Kari Sygna			
	Naustdal kommune v/IKT koordinator Robert Rysjedal i sak 38/15, bruk av nettbrett.			

Sak nr.	Sakstittel
037/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
038/15	Skriv og meldingar
039/15	Opplæring av nytt kontrollutval
040/15	Møteplan 2016
041/15	Oppfølgingsliste 5 - 2015
042/15	Eventuelt

Underskrifter:

Ole Erik Thingnes, leiar

Johnny Gustavsen, nestleiar

Jan Petter Sæbø

Marit Friborg Myrene

Rannveig Indrekvam

SEKOM-sekretariat
v/Audhild Ragni Vie Alme

037/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 04.12.2015:

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

NAU-037/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

038/15: Skriv og meldingar

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 04.12.2015:

Naustdal kommune v/IKT koordinator Robert Rysjedal møtte og informerte om bruk av nettbrett, og gjekk gjennom brukarretteleiing for PDF Expert (vart sendt til nettbretta i møtet).

Det vart også vist litt frå Naustnett/Intranettet i kommunen.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

NAU-038/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

039/15: Opplæring av nytt kontrollutval

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek gjennomgang /opplæring frå sekretariat og revisor til orientering.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 04.12.2015:

SEKOM-sekretariat v/Arnar Helgheim presenterte og gjekk gjennom opplæring.

KRYSS Revisjon v/Terje Førde presenterte revisjonen og revisjonsordninga.

Det kom fram i møtet at Marit Friborg Myrene er tilsett i Naustdal kommune, og dermed ikkje er valbar til kontrollutvalet. SEKOM-sekretariat vil bringe dette vidare til Naustdal kommune slik at det kan gjerast omval.

Kontrollutvalet ynskjer å få tilsendt møteboka på nettbrett.

Kontrollutvalet ynskjer å kalle inn ordførar og rådmann til neste møte for avklaring av forventningar.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

NAU-039/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgang /opplæring frå sekretariat og revisor til orientering.

040/15: Møteplan 2016

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Naustdal kontrollutval legg opp til møtetidspunkt på fredagar frå kl 8.30. Møtedatoar i 2016:

- 26.2.16
- 27.5.16
- 16.9.16
- 9.12.16

25. januar deltek utvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 04.12.2015:

Nytt framlegg til vedtak:

Naustdal kontrollutval legg opp til møtetidspunkt på fredagar frå kl 8.30 med fylgjande møtedatoar i 2016:

- 26. februar
- 27. mai
- 16. september
- 9. desember

25. januar deltek utvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket, og SEKOM-sekretariat melder på dei faste medlemne (Jan Petter Sæbø har ikkje høve) og vara medlemmer.

Leiar og nestleiar delta på NKRF sin kontrollkonferanse på Gardermoen 3.-4. februar 2016, og melder seg på sjølv .

Det nye framlegget var samrøystes vedteke.

NAU-040/15 Vedtak:

Naustdal kontrollutval legg opp til møtetidspunkt på fredagar frå kl 8.30 med fylgjande møtedatoar i 2016:

- 26. februar
- 27. mai
- 16. september
- 9. desember

25. januar deltek utvalet på felles opplæring for alle kontrollutvala i fylket, og SEKOM-sekretariat melder på dei faste medlemne (Jan Petter Sæbø har ikkje høve) og vara medlemmer.

Leiar og nestleiar delta på NKRF sin kontrollkonferanse på Gardermoen 3.-4. februar 2016, og melder seg på sjølv .

041/15: Oppfølgingsliste 5 - 2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Naustdal kontrollutval 04.12.2015:

Kontrollutvalet ber om at sekretariatet sjekkar stoda for sak om evaluering av oppfølging av investeringsprosjekt, samt etiske retningslinjer for Naustdal kommune.

Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

NAU-041/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

042/15: Eventuelt**Tilråding:**

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Naustdal kontrollutval 04.12.2015:

Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.

NAU-042/15 Vedtak: